

Foto: V.Slidre fjellstyre

Baklie mot Grunke

Årsmelding 2009

Innhald

side

Fjellstyre	3
Medlemmer	3
Aktivitet	3
Fjelloppsyn	3
Tilsette	3
Aktivitet	3
Refusjon	3
Samarbeid – oppdrag	4
Stølsbruk	4
Stølsforskrift	4
Stølar, beite og tilleggsjord	4
Områdetiltak ”Heime og på støle”	4
Tomtefeste	5
Næringsfester	5
Hyttfester	5
Bustadfester	5
Tomtefestelov	5
Festeinntekter	5
Fiske	5
Sal av fiskekort	5
Stamfiske/fiskeutsetting	6
Registreringar	6
Småviltjakt	3
Jaktkortsal	3
Forvaltning	3
Elgjakt	6
Administrasjon	6
Elgtrekk	6
Driftsplanarbeidet	7
Valhall	7
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen	6
Hjortejakt	7
Rådyrjakt	7
Jaktprøver	8
Informasjon - tiltak for friluftsliv	8
Informasjon	8
Inatur - internettportal	8
Turkart	8
Tilrettelegging for friluftslivet	8
Rekruttering til friluftsliv	8
Motorisert ferdsel i utmark	9
Tilskot	9
Tilskot frå fjellstyret	9
Grunneigarfondet	9
Økonomi	10
Generelt	10
Resultat	10
Eigenkapital	10
Vasetfondet	11
Vedlegg	12
Resultatrekneskap	12
Balanse	14
Revisjonsrapport	15

Årsmelding 2009

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen
Styremedlem	Anne Live Garvik
Styremedlem	Arild Brattrud



Fjellstyret på befaring med Statskog

Aktivitet


Fjellstyret har hatt 6 ordinære styremøte, behandla 51 saker og vore på 1 befaring. I tillegg deltok representantar på årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om stølsprosjekt, møter om driftsplan for elg m.m. Fjellstyret var vertsskap for årsmøte for "Fjellstyra i Oppland" i april. Fjellstyret har også hatt administrativ leing i Landbruks- og matdepartementet på befaring for å orientere om allmeningsbruken.

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Fjellstyra i Oppland, FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringar. Nestleiar Kari Tyldum er representert i styret for områdetiltaket "Heime og på støle".

Fjelloppsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:
Fjelloppsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling
Fjelloppsyn II: Erle Frantzen i 60 % stilling
Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen



Fjellstyret har i tillegg lønna ei 25 % stilling i stølsprosjektet "Heime og på støle" i samarbeid med Vestre Slidre kommune. Hanne Lykkja er tilsett som prosjektleiar i 100 % stilling.

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Tildeling av refusjon skal

vruderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 271.550 (2008: 267.523) i refusjon frå staten.

Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige

Inntektene ved utleige av tenester er kr 51.850 (2008: 28.824). Auke i inntektene skuldast at oppsyn for Ulnes i 2008 er fakturert i 2009.

Stølsbruk

Stølsforskrift

Ny stølsforskrift er gjort gjeldande frå 1.9.2010. Det er ved denne revisjonen mellom anna gjort endringar i forskrifta knytt til utvisning av areal til kultivering som beite, utvisning av areal til gjødselkum og oppføring av gjetarbu. Det er vidare lagt til grunn at fjellstyret har ei plikt til, ved vedtak, å ta stilling til om retten til utvist seter er falt bort og melde dette til Statskog SF. Slik vurdering skal fjellstyret minimum gjera kvart 10. år.

Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det 296 enkeltstølar, 1 fellesstøl og 67 fester for kulturbeite/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsalmening er utan samanlikning det mest intakte og aktive stølsområdet i landet. Det er ikkje vist ut støl eller tilleggsjord i 2009.



Etter lokalkontoret til Statskog på Fagernes vart lagt ned, har ein registrert at Statskog ikkje har same forståing for stølsbruket som før og tolkar bruksretten svært restriktivt. Dette kjem tydlegast fram i behandling av byggesøknader på støl. Til statsallmenning ligg det bruksrettar som avgrensar korleis grunneigar (Statskog) kan utnytte området. Om bruksrettane blir reduserte, aukar i praksis Statskog sin råderett, og blir sentral styring i staden for lokal styring.

Områdetiltak ”Heime og på støle”

For å bevare det unike stølsbruket i Vestre Slidre starta kommunen og fjellstyret i 2007 eit områdetiltak for å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet. Det er tilsett prosjektleiar i 100% stilling. Arbeidet skjer ved tiltak retta både mot garden og stølen. Fjellstyret lønnar 25 % av stillinga som prosjektleiar. Kostnaden for fjellstyret er kr 125.000 (2008: kr 125.000). Prosjektet blir avslutta 15.1.2010.



Ryddetiltak på Murkelie



Befaring på ny mjølkestall på Jaslangen

Tomtefeste

Næringsfester

Samla er det 16 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter i statsallmenningen. Statskog har lagt fram utkast til nye reguleringsplanar for nytt sentrumsområde og for alpinområde på Vaset. Planane er under politisk behandling.

Hyttfester

Samla er det 591 stk hyttfester i allmenningen. Det er ikkje oppretta nye fester i 2009.

Bustadfester

Samla er det 10 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område i kommunedelplan for Vaset til bustadføremål, men området er ikkje teke i bruk.

Tomtefestelov

Stortinget vedtok i 2004 endringar i festeloven som gjorde det mulig å løyse inn bustad- og fritidsfester. Tomtefesteloven vart reversert i 2006 slik at det ikkje lengre er innløyingsrett for fritidsbustad i statsallmenningar. Reversering av lova vil sikre fjellstyret eit godt økonomisk grunnlag for å drive aktiv forvaltning i framtida også. Det vart vedteke overgangsreglar i tomtefesteloven som gjer at innløyning vart gjeldande t.o.m. 2007. I denne perioden er det løyst inn 8 festetomter.

Beløpet som er betalt ved innløyning av hyttetomtene blir og delt likt mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Fakturering for sju av tomtene vart gjort i 2007 og ei tomt vart fakturert i 2008. Dette gir ei inntekt til fjellstyret på kr 1.058.134. Fjellstyret har vedteke at berre avkastning av innløyingsbeløpet skal brukast til drift.

Festeinntekter

Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 1.101.128 (2008: 1.063.742).

Statskog har (19.2.10) gjort vedtak om at festeavgiftene på fritidsbustad ikkje skal regulerast etter marknadsnivå, men etter konsumprisindeks. Dette skal skje med tilbakeverkande kraft frå 2002. Dette betyr at ein stor del av festeavgiftene blir redusert. Det er usikker om og eventuelt kor mykje fjellstyret må betale tilbakebetale av motteke del av festeavgift.

Fiske




Buaråne

Sal av fiskekort

Det vart selt 1375 fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande (2008: 1274). Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 172.131 (2008: 167.240). Til diverse fiskekulturarbeid har fjellstyret brukt kr 121.257 (2008:kr 109.773), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Sal av kort fordelt på korttypar:



Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
8	3	4	65	-	-	1	35	460	253	55	166	93	54	17	161
80				36				934				325			
116								1259							
1375															

Fiskekort vart for femte år selt via SMS på mobiltelefon (46%). Dette viser seg å vera ei svært vellykka ordning der kort alltid er tilgjengeleg. Kortsal på internett (www.inatur.no) har ikkje noko stort omfang (ca 3%). Sal gjennom Inatur må ein i realiteten sjå på som marknadsføring av området. Størstedelen (51%) av fiskekorta blir selt i butikkar o.l.

Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale, er det behov for meir rogn. I 2009 leverte fjellstyret ca 10 liter rogn til FOSA.

Fjellstyret har sett ut 1000 stk 2-årig settefiske i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre mindre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Svultkjern (500stk), Grønsenn (800stk), Nestisvatn (600stk), Skardtjern (200stk), Langebergstjern (100stk), Kringletjern (100stk), Bjørnhøvdstjern (100stk) og Lomtjern (100stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk, halvparten blir som eit forsøksprosjekt sett ut om vinteren.







Stryking av fisk

Registreringar



I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna. Fjellstyret får inn fiskrapportar for dei fleste vatn, men vi fekk inn skjellprøver berre frå fire vatn. Det er ynskeleg med fleire prøver.

Statusoversikt for fiskevatna



Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt:



Det er levert 9 skjellprøver frå Rensenn. Fisken var raud i kjøttet. Ingen av fiskane var merka.



Det er levert inn 55 skjellprøver frå Storfjorden. Fisken var raud i kjøttet, 39 stk var merka.



Det er levert 40 skjellprøver frå Mosvatn. Fisken var raud i kjøttet. Det var 2 merka fisk.

Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangsten	Aktuelle tiltak framover
Rensenn 9 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve. k-faktor opp mot 1.	0	Fylgje opp vatnet, uttaket av fisk bør aukast. Mulig det vil bli stamfiske her i 2010.
Grønsenn 58 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure.	36	Fylgje opp gytebekkane
Nestisvatn 0 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand. Stor andel merka aure.	80 (2004)	Få inn fiskeprøver
Midtre Syndin 16 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst. Litt tynn bestand men ein del stor aure.	81	Registrere yngel i bekkane.
Sørre Syndin 0 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure.	83 (2004)	Fylgje med på rekrutteringa.
Storfjorden 55 prøver	10 000 2-årig	God vekst. Høg k-faktor. Rapportar om tidvis mykje abbor. Prøvefiske utført av FMO i 2009.	57	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane.
Mosvatn 40 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Andel fisk med parasitt er stor 64 %	5	Vurdere tiltak i høve til parasittar
Matkista og Halvorstølstj 5 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor.		Auka uttak av abbor er ynskjeleg.
Strøstjern 0 prøver	100 2-årig	Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst	100	Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
Svult 4 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.	100	Stabilisere bestand Tiltak i gytebekk
Skardstjern 0 prøver	50 1-årig	Tynn bestand eit par år, bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Ørekytefangst Få inn prøver frå aure
Skruvletjern 2 prøver	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand.		Få inn fleire prøver frå aure
Kringeltjern 0 prøver	100 1-årig	Mykje ørekyte som har kome dei siste åra.	100 (2004)	Halde vatnet reint for ørekyte.
Bjødnhøvdjtj 0 prøver	100 1-årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år. Det er på tide å ta dei opp		Halde vatnet reint for ørekyte Få inn fiskeprøver
Langeberggtj. 0 prøver	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik		Få inn fiskeprøver
Lømtjern 0 prøver	100 1-årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand		Få inn prøver frå aure. Betre gyteilhøva.

Småviltjakt

Jaktkortsal

Jaktkortsalet gav ei inntekt på kr 362.548 (2008: kr 382.740).

Jaktkortsal									
innanbygds		Utanbygds							
fritt kortsal		regulert sal				fritt kortsal			
u/hund	m/hund	u/hund		m/fuglehund		m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund
		1.p	2.p	1.p	2.p				
33	27	40	40	80	80	38	82	26	17
60		80		160					
		278				125			
						403			
463									

Direktoratet for naturforvaltning har sett krav om at det skal vera 1-dags kort for småviltjakt. Fram til 2008 hadde fjellstyret 2-dagarskort, og talet på kort kan derfor ikkje samanliknast mot tidlegare år.

Forvaltning

Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirypa vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagskvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde kote 1200 moh på Bukono- og Gilafjellet. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårsskiftet har rypebestanden auka att, men det siste året det eit svært dårleg klekkesresultat.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terreng. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Slik forvaltning føresett langt betre kunnskap om storleiken på bestanden frå år til år. Dette vil m.a. krevja at ein takserar lirypebestanden årleg før jakta.

Ei gruppe med medlemmer frå fjellstyret og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i 2009 vurdert ny modell for forvaltning av småviltet og elg. Fjellstyret vil med bakgrunn i dette arbeidet legge opp ny forvaltningsmodell for småviltjakta i 2010.

Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden (avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsutlagte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter vert registrert og andre detaljer vert også journalført. Alle registreringar vert lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen sto for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.


Jaktstatistikk

Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 250 ryper, 49 orrfugl og 16 harar. Tala for 2008 var 501 ryper, 63 orrfugl og 20 harar.

Etter gjennomgang av innleverte vengjeprøver vart produksjonen av lirype berekna til 1,2 kjuklingar per 2 vaksne ryper. Det vart levert inn 179 vengjer.


Produksjonen reknast ut etter fylgjande formel:


$$\text{Kjuklingproduksjon} = \frac{\text{ant. kjuklingar}}{\text{ant. par vaksne}}$$






Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker fordi svarprosenten har vore låg, spesielt for innanbygds jegerar. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er resultatet frå utanbygds jegerar i regulert periode og statistikken nedanfor er derfor berekna ut frå dette.

Fuglejakt:





Harejakt:



Elgjakt

Administrasjon



Administrasjon av elgjakta vart 2004 overført frå Statskog til fjellstyra. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer via internett på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 198.167 (2008: kr 225.985).

Direktoratet for naturforvaltning har oppheva 100 % fortrinnsrett for innanbygds til elgjakta og frå 2010 blir det 60/40 mellom innan- og utanbygds. Ei gruppe med medlemmer frå fjellstyret og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i 2009 vurdert ny modell for forvaltning av småviltet og elg. Fjellstyret vil med bakgrunn i dette arbeidet utarbeide ny modell for utleige av elgjakt gjeldande frå 2010.

Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skutt 26 elg i allmenningen i 2009, grunnkvota var på 28 dyr. Fellinga fordelar seg slik: 11 kalv, 3 ungdyr, 6 vaksne koller og 6 vaksne uksar.



Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng, samstundes gir dette elgjegeerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Ordninga blir finansiert gjennom betaling for bruk. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 2.306 (2007: kr 900).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom arbeidet med driftsplan har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga har vore meir stabil seinare. Taksering av elgbeita i 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta. Elgstamma bør derfor ikkje aukast. For å bevare vinterbeite har uttaket dei siste to åra vorte auka. Tildelt totalkvote for heile kommunen var 135 dyr, med ei grunnkvote på 112 dyr. Totalt vart det felt 95 elg og 21 hjort.

Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i Valhall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.



Elgjegeerane har rast ved Jaslangen



Elgtrekken i bruk

Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

Rådyrjakt

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 5 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 1.000 (2008: kr 800).

Jaktprøver

Det vart berre arrangert haustprøve i 2009. Det var ingen merknader til avviklinga av prøva. Prøva gav ei inntekt på kr 8.320 (2008: kr 9040).

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

Tilrettelegging for friluftslivet

Det vart i 2009 sett opp ein ny utedo ved Pyttingen. Det vart starta arbeid med ny informasjonstavle på Vaset og ny gapahuk ved Buaråne. På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 88.240 (2008: kr 41.201). Den usikre økonomiske situasjonen til fjellstyret gjer at ein no berre kan gjera vedlikehald og mindre tiltak for friluftslivet.

Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 11 stk

Skilt: 85 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 12 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk



Open bu ved Matkista

Informasjon

Fjellstyret har internettsider (www.vestre-slidre-fjellstyre.no) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentlig ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyret har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret. Dette er eit interaktivt kart med søkeboksar for hytteutleige, bedrifter, kulturminne m.m.

Inatur - internettportal

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.

Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 15.460 (2008: kr 19.824).

Rekruttering til friluftsliv

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare med mellom anna isfiskedag i mars for 5. klassane og fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement.



Foto: V.Slidre fjellstyre

Frå isfiskedag med 5. klasse

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort og jaktkort for ungdom tom 20 år.

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om tiltaket ”Tursmål” ved praktisk arbeid og dekning av kostnader. Dette er 10 tursmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp.

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierar over tid og hovudinntrykket er no at det er mindre ulovleg kjøring i statsallmenningen. Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.

Fjellstyret har vore misfornøgd med at påtalemyndigheit ikkje har fylgt opp anmeldelsar om ulovleg kjøring og fjellstyret vil følgje opp dette.



Frå Regionalt oppsynsutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for dette føremålet. Det er gjennomført ein fellesaksjonar saman med SNO og politi utanfor eige område, og det er utført fleire felles oppsynsturar med politi i eige oppsynsområde.

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 112.981,50 i tilskot (2008: kr 138.547).

Tilskot er fordelt slik:

Straum/aggregat	81.000,00
Aksjon ”Tursmål”	6.481,50
Stølspost	10.500,00
Stølsfestival	5.000,00
Stølsveg	10.000,00
Sum tilskot	112.981,50

Oversikt over tilskot og andre tiltak:

Tilskot	112.981 kr
Prosjekt ”Heime og på støle”	125.000 kr
Fiskekulturarbeid	121.257 kr
Tiltak for friluftsliv	88.240 kr
<u>Gratis jegerprøve for ungdom</u>	<u>26.226 kr</u>
Sum tiltak og tilskot	383.704 kr

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum og innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot avgrensa til kr 50.000. Tilskotsordninga har ei årleg ramme på kr 200.000. Denne tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte.

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Lokalt er det ikkje motteke tilskot frå Grunneigarfondet det siste året.


Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittstående organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

Resultat


Rekneskapet syner inntekt på kr 2.266.652 (2008: kr 2.634.309) og utgift på kr 1.879.795 (2008: kr 1.784.686). Dette gir eit overskot på kr 386.857 (2008: kr 849.632).



Det spesielt store overskot i 2007 og 2008 kom pga av innløysing av hyttefester.

Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 3.934.307 (2008: kr 3.547.450) inkludert varige driftsmidlar på kr 327.920 (2008: kr 348.378) og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er kr 2.548.253 (2008: kr 2.140.938).



Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året, men dette er ikkje lengre er eit problem. Ein stor del av eigenkapitalen er bunden opp i festefond eller bygningar og er derfor ikkje disponibel. Den økonomiske situasjonen er likevel usikker pga Statskog har

gjort vedtak om ein stor del av at festeavgiftene skal reduserast. Festeinntekta utgjorde i 2009 ca 50% av inntekta til fjellstyret. Det er usikker kor mykje festeinntekta blir redusert og det er også usikker om og ev. kor mykje fjellstyret må betale tilbakebetale av motteke del av festeavgift. Fjellstyret må derfor vera forsiktig med både tiltak og tilskot til ein får avklara den økonomiske situasjonen.


Vasetfondet

Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet var som ein kompensasjon for turistutbygging på Vaset og skulle brukast til tiltak knytt til stølar i området. Fondet er i realiteten avvikla og det står berre att sluttutbetaling når dei siste tiltaka er gjennomført.


Slidre den 28.4.2010




Kjell Strand
fjellstyreleiar




Kari Tyldum
nestleiar




Kjell Magne Snortheimsmoen
styremedlem



Arild Bratrud
styremedlem



Embrik Før
varemedlem



Harald Ranum
dagleg leiar

Vedlegg: Resultatrekneskap
Balanse
Revisjonsmelding

Vedlegg

Resultatrekneskap

Resultat

for

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Nr.	Kontonavn	År 2009	År 2008
	Salgs- og driftsinntekt		
3000	Rognsalg	20 600	19 200
3010	Kartsalg avg. pliktig	15 461	19 824
3011	Webkart-oppføring		0
3030	Elgtrekk utleie	2 306	900
3040	Elgjakt mva.pl.		0
3042	Rådyr-jaktkort mva.pl		0
3050	Oppdrag utleige avg.pl	51 850	300
3060	Varesalg /uttak av varer		1 021
3101	Refundert fellingsavgift elgjakt		0
3102	Rådyrkort mva.fri	1 000	800
3110	Elgjakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	198 168	225 985
3121	Fiskekort utanbygds	152 841	140 405
3122	Fiskekort innanbygds	25 915	26 835
3131	Jaktkort utanb. regulert	299 358	301 600
3132	Jaktkort utanb. uregulert	34 480	56 550
3133	Jaktkort innanbygds	28 710	24 590
3140	Jaktprøve	8 320	9 040
3150	Oppsynstj. utleie avg.fri		0
3410	Vassdragreg. & premiering Bægav.	9 054	8 185
3420	Tilskott	80	2 777
3430	Refusjon oppsynutg. stat	271 550	267 523
3555	Ufakt. oppsyn, jaktkort mm	-28 824	28 824
3600	Festeavgift	1 108 128	1 063 743
3601	Innløysing festetomter		333 060
3805	Salg verktøy mm avg.fri salg	2 500	0
	Salgs- og driftsinntekt	2 201 496	2 531 162
	Varekostnad		
4000	Kart kostnader	11 637	1 000
4090	Lagerending kart	-6 840	2 365
4501	Innleigd arbeid stølsprosjekt	125 000	125 000
	Varekostnad	129 797	128 365
	Dekningsbidrag	2 071 699	2 402 797
	Lønnskostnad		
5000	Lønn fjelloppsyn fast	542 100	498 182
5001	Div tillegg fjelloppsyn	53 062	51 782
5005	Lønn midlertidig tilsette	11 678	52 827
5010	Lønn fjellstyremedlemmer	26 513	19 010
5092	Feriepenger	72 922	72 488
5190	Periodisert lønn & avg.		0
5210	Fri telefon	2 792	8 000
5250	Pensjon klp fri	78 465	92 414
5251	Pensjon klp motkonto	-78 465	-92 414
5252	Fri forsikring	275	306
5292	Motkonto fri telefon	-2 792	-8 000
5295	Motkonto fri forsikring	-275	-306
5330	Motegodtgj. Fjellstyre	51 700	47 780
5400	Arbeidsgiveravgift	48 918	47 914
5405	Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	4 667	4 639
5420	Aga.pl. pensjonskost	78 465	92 414
5421	Pensjon KLP e.kap. innsk. u.aga	0	-8 824
5800	Refusjon av sykepenger	-2 205	-21 615
5801	Refusjon av sykepenger. Aga-beregning	-2 205	-21 615
5802	Refusjon av sykepenger aga-motkonto	2 205	21 615
5910	Kantinekostnad		177
5920	Yrkesskadeforsikring	2 510	2 786
5990	Annen personkostnad	300	0
	Lønnskostnad	890 629	859 561

	Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
6000	Avskriv. bygning/fast eie	12 400	12 400
6010	Avskr. maskiner og inventar	13 999	14 000
6300	Leie lokale	40 004	39 601
6320	Reinhald lokale	11 196	10 264
6340	Lys/varme lokaler	12 313	12 937
6420	Leie datasystemer	0	6 525
6500	Utstyr/mater.kjøp/rep	5 737	5 846
6530	Telefon/datautstyr mm	10 431	29 078
6540	Inventar	0	0
6570	Arbeidsklær og arbeidsutstyr	10 267	6 947
6600	Fiskekulturarbeid & stamfiske	118 557	109 773
6620	Jakt & fiskestatistikk	12 030	5 020
6621	Jegerprøve	26 226	0
6630	Friluftsmidler	70 290	41 201
6650	Snøscooter/elgtrekk	4 969	12 978
6690	Diverse utgifter	1 103	2 653
6701	Revisjonshonorar	8 250	5 000
6705	Regnskapshonorar	41 448	40 082
6725	Honorar for juridisk bistad	7 188	0
6800	Kontorrekvisita	9 491	9 505
6820	Trykksak, trykking kort	0	1 609
6840	Aviser, tidskrifter, bøker o l	2 164	3 719
6860	Møte, kurs, oppdatering o l	4 975	15 320
6900	Telefon fast V.S. Fjellstyre	0	5 261
6901	Mobil 952 88 222 talkmore	300	0
6902	Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	2 049	4 600
6903	Tlf 613 43 300 Harald Ranum	0	0
6904	Mobil 450 13 346 sense, sesongoppsyn	0	301
6905	Erle Frantzen 977 85 915	4 031	
6940	Porto	8 145	7 483
	Driftskostn. og av- og nedskrivninger	437 561	402 103
	Annen driftskostnad		
7100	Bil & km godtgj. oppg.pli	42 973	44 905
7140	Dielt/reise utgifter	0	10 606
7150	Dielt statens satser	2 292	500
7190	Annen godtgj:motorsag/tlf	0	8 000
7200	Provisjon kortsalg	25 719	32 857
7321	Annonser	9 012	9 690
7324	Internett, domene mm	23 119	5 449
7400	Kontingent, fradragsberettiget	107 105	107 535
7421	Tilskott stølsveg	10 000	0
7422	Tilskott aggregat/straum på stol	81 000	103 341
7423	Tilskott almenn.formål	16 982	35 206
7425	Tilskott Stølsprosjekt	-30 000	0
7430	Gaver	1 270	550
7500	Forsikringspremie	11 314	8 472
7710	Styre & bedr.forsaml.møte	39 501	5 448
7770	Bank- og kortgebyr	711	800
7771	Purregebyr kunder/leverandør	743	112
7790	Administrasjonsavgift jakt mm	17 325	17 869
7830	Tap på fordringer	0	3 320
	Annen driftskostnad	359 065	394 658
	Driftsresultat	384 445	746 475
8050	Renteinntekt bank	62 156	99 934
8055	Renteinntekt FOFA	3 000	3 000
8059	Renteinntekt kunder	0	214
8159	Rentekostnad leverandører	-348	0
	Netto finansposter	64 808	103 148
	Ordinært resultat før skattekostnad	449 252	849 623
	Ordinært resultat	449 252	849 623
	Årsresultat	449 252	849 623

Balanse

Balanse for VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Nr.	Kontonavn	år 2009	år 2008
	EIENDELER		
1100	Lager vaset	150 000	160 000
1101	Naust til stamfiske	54 800	57 200
1200	Snøscooter Polaris 800 Svitchb.	1	14 000
1352	Aksjer	1	1
1353	Valdres utmarkskontor	1	1
1356	KLP egenandelinnskudd	14 478	11 537
1395	Langs. fordr. FOSA as	1	1
1399	Langs. lån til FOSA as	108 638	105 638
	Anleggsmidler	327 920	348 378
1460	Lager kart	7 915	1 075
1500	Kundefordringer	45 983	53 189
1522	Negativ lønn	0	0
1530	Opptj. ikke fakt. dr.innt	3 306	28 824
1534	Opptj. Oppsyn & jaktkort	85 140	
1710	Påløpt renteinntekt	79	272
1920	2153.07.04561 driftskonto	1 829 604	1 690 633
1930	2153.60.04669 kapitalkont	1 629 320	1 582 326
1935	2153.07.08567 oppdragskto	1 247	3 013
1936	2153.52.26269 jaktkort	639 945	322 362
1937	2153.52.26226 fiskekort	0	0
1950	2153.69.00125 skattetrekk	23 162	37 400
	Omløpsmidler	4 265 699	3 719 095
	Eiendeler	4 593 619	4 067 474
	EGENKAPITAL OG GJELD		
2050	Annen egenkapital	-2 938 568	-2 489 316
2055	Fond for innløste festetomter/avgifter	-1 058 134	-1 058 134
	Opptjent egenkapital	-3 996 702	-3 547 450
	Egenkapital	-3 996 702	-3 547 450
2400	Leverandørgjeld	-130 470	-26 679
2600	Forskuddstrekk	-78 084	-90 568
2650	Fagforeningskontingent	-3 420	-3 420
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	-9 648	-2 406
2770	Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-20 287	-21 911
2780	Påløpt arbeidsgiveravgift	-4 667	-4 639
2930	Skyldig lønn	-128 472	-117 547
2931	Utlegg tilsette	-17 417	-21 865
2940	Skyldige feriepenger	-72 922	-72 488
2960	Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	-8 031	0
2981	Avsetning tilskott veg	-113 500	-113 500
2989	Avsetning andre tilskott	-10 000	-45 000
2990	Annen kortsiktig gjeld		0
	Kortsiktig gjeld	-596 917	-520 024
	Gjeld	-596 917	-520 024
	Egenkapital og gjeld	-4 593 619	-4 067 474

Valdres kommunerevisjon

Til
Styret i Vestre Slidre Fjellstyre

REVISJONSBERETNING FOR 2009

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2009, som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 449.252 og en egenkapital på kr 3.996.702. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noter. Årsregnskapet er avgitt av styret. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold, i henhold til kravene om regnskapsføring med mer i Lov om utnyttning av rettar og lunnende i statsallmenning m.m. av 6.juni 1975 nr 31 (Fjellogen) og tilhørende forskrifter.


Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjellogen av 6.juni 1975, forskrift om delegering av myndighet etter fjellogen av 1.juli 1995, Statskogs rundskriv 1/2003 og revisjonsstandarder i Norge. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av lov, forskrifter og god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av fjellstyrets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at :

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir ett uttrykk for fjellstyrets økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i regnskapsåret.
- at fjellstyrets tilskudd til allmenntilretteleggelse er i henhold til gjeldende bestemmelser.
- at ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser.
- at kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Uten at det har betydning for konklusjonen i avsnittet ovenfor presiserer vi at vår revisjon ikke omfatter en bekreftelse av at årsmeldingen er konsistent med årsregnskapet, da årsmeldingen ikke er revisjonspliktig jf Fjellogen.

Fagernes, 27.04.2010


Lage Sandsegen
revisjonssjef / registrert revisor